



Adu-Ingeniør Atle D Utkilen  
Postboks 75 Fonnes Senter  
5952 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/810 - 19/11643

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
08.08.2019

## Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 28/123

Tiltak: Felles boder  
Byggjestad: Gbnr: 28/123  
Tiltakshavar: Kvalheimsneset AS  
Ansvarleg søkjar: Adu-Ingeniør Atle D Utkilen

Kommunen syner til søknad om tiltak motteke 10.04.2019 og etterfylgjande komplettering motteke 23.07.2019

Søknaden har framleis manglar. Blanketta og skjema som er nytta i søknaden er dei gamle versjonane som vart nytta ved førre søknad. Som det kjem fram av førre mangelsbrev må det sendast inn ny komplett søknad. Dette inneber at det må sendast inn skjema og blankettar som er gjeldande i dag. Søknadssystemet har vore lagt om og dei gamle versjonane kan dermed ikkje lenger nyttast.

**Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.09.2019.** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen

Postboks 75  
Fonnes Senter

5952

FONNES